



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/182-14

19. mai 2020

Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune i Vestland fylke - klagesak

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har den 10.01.2019 gitt Sunnhordland Kraftlag AS løyve til å bygge Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune i Vestland (tidlegare Hordaland) fylke. Vedtaket er klaga på av Bergen og Hordaland Turlag, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland (FNF), Naturvernforbundet i Kvinnherad og Kvinnherad Turlag i fellesskap. Vedtaket er òg klaga på av grunneigar Trond-Arild Frøystein.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunn til å gjere om på sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 24.04.2019.

1. Bakgrunn

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) søkte den 23.08.2017 om løyve til å bygge Onarheim kraftverk i Hellandselva. Kraftverket vil i samsvar med NVE sitt vedtak kunne nytte eit fall på 325 m ned til kraftstasjonen på kote 110. Vassvegen skal etablerast som tunnel over ei strekke på 435 m frå inntaket på kote 435. Vidare ned til kraftstasjonen vil vassvegen vere nedgravde røyr. Kraftverket vil ha ei maksimal slukeevne på 3,15 m³/s, som er 211 % av middelvassføringa. Installert effekt er oppgitt til 8,9 MW. Kraftverket vil ha ein årleg produksjon på om lag 27 GWh.

NVE har kunngjort søknaden og sendt den på høyring. **Kvinnherad kommune** er positiv til utbygging av Onarheim kraftverk. **Fylkesmannen i Hordaland** (no **Vestland**) rår frå utbygging ut i frå omsynet til samla verknader på landskap og opplevingsverdi. **Hordaland fylkeskommune** (no **Vestland**) er positiv til utbygging. **Kvinnherad Turlag m. fl.** går imot utbygging ut frå omsynet til friluftsliv, landskap og samla verknader. **Sportsfiskaren Kvinnherad** går imot utbygging ut i frå omsynet til urørt natur og friluftsliv. **Friluftsrådet Vest**

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Steinar Pettersen
22 24 61 39

går imot ei utbygging ut ifrå omsynet til friluftsliv og landskap. **Norges Miljøvernforbund** er negativ til utbygging. **FNF Hordaland** går imot ei utbygging av omsynet til samla verknad på Folgefonnhalvøya, friluftsliv, naturmangfald og urørt natur. Fire privatpersonar har gjeve uttrykk for at dei er imot at det blir gjeve konsesjon, mens to privatpersonar er positive til utbygging.

2. NVE sitt vedtak

NVE har samanfatta si vurdering av saka med følgjande grunngjeving for vedtaket:

"Onarheim kraftverk er omsøkt med tre utbyggingsalternativer. Alternativ 1 er planlagt med inntak ved Bremstølvatnet og medfører anleggstekniske inngrep i et mye benyttet turområde. Det vil virke skjæmmende og fremstå svært negativt for opplevelsen av Bremstølområdet. I alternativ 3 er inntaket flyttet om lag 200 meter og 25 høydemeter nedstrøms Bremstølvatn for å redusere konflikten med friluftsliv og brukerinteresser. Som kompensasjon for redusert fallhøyde er dette alternativet omsøkt med høyere slukeevne enn alternativ 1. Etter NVEs syn vil den høyere slukeevnen gi for store landskapsmessige virkninger gjennom færre dager med overløp, og redusert størrelse på de overløp som forekommer. Etter NVEs vurdering vil verken alternativ 1 eller 3 være i samsvar med kravet i vannressursloven § 25.

Utbyggingsalternativ 2 har inntaksplassering som i alternativ 3 og slukeevne som i alternativ 1. Med dette alternativet vil Onarheim kraftverk produsere om lag 27 GWh i et gjennomsnittsår og ha en utbyggingskostnad under gjennomsnittet for omsøkte småkraftverk de siste årene. Etter NVEs vurdering vil Onarheim kraftverk (alternativ 2) gi relativt begrensede miljøeffekter gitt avbøtende tiltak. NVE mener at god landskapstilpasning av inntaksdam og andre anleggstekniske inngrep, revegetering av rørtrasé, installering av omløpsventil i kraftverket samt tiltak for å unngå påvirkning av drikkevann i anleggsfasen vil redusere konfliktene i prosjektet vesentlig. Under forutsetning av at de avbøtende tiltakene blir gjennomført, mener NVE at de negative virkningene for allmenne og private interesser er akseptable.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir Sunnhordland Kraftlag AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Onarheim kraftverk med utbyggingsalternativ 2. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår."

3. Klagene

Trond-Arild Frøystein, som er ein av grunneigarane i prosjektet, klaga på NVE sitt vedtak i e-post av 31.01.2019, og det ble gitt følgjande grunngjeving:

«Vil med dette klage på vedtak i sak om utbygging av Onarheim kraftverk av NVEs vedtak saksnr. 201406675-37. Jeg er uenig i planen som foreligger angående utbygging på min

eiendom gr.143/br.1. Jeg føler fremgangsmåten til SKL ikke har vært bra. Jeg har ikke blitt inkludert i planene.»

Kvinnherad Turlag, Bergen og Hordaland Turlag, Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland og Naturvernforbundet Kvinnherad klaga på NVE sitt vedtak i brev av 31.01.2019. Klagarane grunngjev si klage med 5 punkt:

1. Bremstølen og Hellandselva har stor verdi for lokalsamfunnet på Husnes og befolkninga i Kvinnherad.
2. Omsynet til Bremstølen som et *svært viktig* friluftslivsområde, og forholdet til Miljødirektoratet sin standard M98/2013.
3. Vurderinga av landskapsverknader, fjordlandskap, naturinngrepet og alternativa.
4. Samanhengande naturområder med urørt preg.
5. Sumverknad og kumulativ last.

Klagarane viser til at det har vore underskriftsaksjon og støttmarsj for ivaretaking av Hellandselva og området kring Bremstølen, og at dette viser at det er eit stort lokalt engasjement mot utbygging. Det blir også påpeikt at området elles i stor grad er prega av inngrep, og at Hellandselva representerer den attverande urørde naturen.

Klagarane viser til dei nasjonale måla for friluftsliv og omtalen av kor viktig friluftsliv er i Prop. 1 S (2018-2019) frå Klima- og miljødepartementet. Klagarane meiner at den politiske satsinga på fornybar energi, som NVE viser til, ikkje alltid trumfar andre omsyn, og etterlyser ei meir balansert avveging.

Klagarane meiner omsynet til Hellandselva som eit markert landskapselement burde vore tillagt større vekt. Klagarane meiner NVE sitt vedtak bryt både med departementet sine retningslinjer knytt til fjordlandskap og fylkesdelplanen for små vasskraftverk.

Det blir i klaga gjort greie for korleis Bremstølen inngår i eit større samanhengande område med urørt preg, og at dette ikkje er tilstrekkeleg vektlagt i NVE sitt vedtak.

Det blir vist til korleis førearbeida til vassressurslova § 25 tilseier at ein skal legge vekt på kva sumverknader eit tiltak vil ha, og korleis NVE har lagt vekt på dette forholdet i andre småkraftvedtak, m.a. i "Folgefonna-pakka".

Klagarane avsluttar klaga som følgjer:

"Kvinnherad Turlag meiner at det er naturopplevinga kring Bremstølsvatn og nedover i vassdraget ein må vurderer. Med minstevassføring og løyvet til denne utbygginga, så vil opplevinga med å sjå vatn renna over berg og laga små fossar forsvinna. Elvesusen som ein helle tida høyrer når ein går på stiane, vil forsvinna. Det er peikt på at såra i naturen vil vera synlege i lang tid. Denne utbygginga er, etter vår meining, ikkje akseptabel for lokalsamfunnet.»

4. Departementet sine merknader

Løyve til Onarheim kraftverk kan bli gitt om "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25 første ledd.

Departementet vil drøfte dei merknadane i klaga som er naudsynte for å grunngje avgjerdsla. Departementet kan også ta omsyn til forhold som ikkje er tatt opp i klaga.

Samfunnsnytte og prissette konsekvensar

Departementet meiner at den viktigaste samfunnsnytta med Onarheim kraftverk vil vere produksjon av fornybar energi. Onarheim kraftverk vil med NVE sine føresetnader og vilkår gi ein produksjon på 27 GWh med ein vinterkraftdel på om lag 44 pst. Tiltaket vil ha positive konsekvensar for lokalt og regionalt næringsliv og sysselsetting under anleggsperioden. Vidare kan utbygginga bidra til inntekter til SKL, grunneigarane og Kvinnherad kommune.

Kostnadane er berekna til 92,1 mill. kr. SKL har brukt same kostnadstal både i søknaden og i justert plan for inntak frå 2018. Departementet legg til grunn at kostnadsår er 2016. Justert til kostnadsår 2019 blir kostnadane 100,5 mill. kr. Dette gir ein spesifikk utbyggingspris på 3,72 kr/kWh,

Prosjektet si inntektsside, representert ved noverdien av prosjektet, inngår som eit element i departementet si samla vurdering av prosjektet sine fordeler og ulemper. Departementet har gjort ei berekning av noverdien basert på oppgitte investeringskostnadar frå SKL, typiske driftskostnader, forventa produksjon og eit utfallsrom for kraftprisen slik det er modellert av NVE fram mot 2040 (høg/låg/basis prisbane). Gitt føresetnadane for investerings- og driftskostnader har kraftverket positiv noverdi når ein legg NVE sin basis prisbane til grunn.

Departementet presiserer at uvisse i denne fasen normalt er betydeleg når det gjeld faktisk produksjon og kostnadar, og at det er stor uvisse knytt til kraftprisutviklinga fram i tid. Dei samla verknadane av tiltaket er ikkje avgrensa til dei som er prissette. I konsesjonsvurderinga vil departementet vurdere miljøverknadane av tiltaket nærare, og ta stilling til om tiltaket er samfunnsøkonomisk lønnsamt.

Landskap og friluftsliv

Klagarane legg særleg vekt på at Hellandselva er eit viktig landskapselement sett frå Husnes sentrum og frå fjorden, og at elva er viktig for friluftslivet i området. Fjellområdet aust for Husnes som avgrensast av Uskedalen og Matrefjorden i aust, er rekna som eit regionalt viktig friluftsområde, og dalføret austover frå Husnes, kor Hellandselva renn, er ein av innfallsportane til dette fjellområdet med turmål som Manen, Englafjell og Ulvanosa.

I dei opphavelige utbyggingsplanane var inntaket planlagt på kote 459, i utlaupsosen frå Bremstølvatnet. NVE si høyring av søknaden avdekkja at det var stor motstand mot inngrep i Bremstølområdet, då dette er eit viktig turmål. SKL la etter dette fram ei alternativ løysing med inntaksplassering på kote 435, og NVE har gitt løyve med føresetnad om denne inntaksplasseringa.

Vassføringskurvane for Hellandselva syner store variasjonar i vassføring, og at veksling mellom høg og låg vassføring kan skje hyppig, og gjennom heile året. NVE meiner at det særleg er ved høg vassføring at elva er eit betydeleg landskapselement. Elva vil etter NVE si vurdering framleis vere eit markant landskapselement ved høg vassføring etter utbygging, men talet på dagar med tilstrekkeleg høg vassføring vil vere betydeleg færre.

Det går stiar på begge sidene av Hellandselva opp til Bremstøl. Departementets synfaring gjekk føre seg på begge sidene av elva, og "Stølsvegen" på sørsida av elva er den klart mest nytta stien. Denne stien følger i liten grad Hellandselva, og går nær elva berre på eit punkt, på om lag kote 270.

Etter NVE si vurdering vil dei anleggstekniske inngrepa av Onarheim kraftverk vere akseptable, og viser til at inntaket på kote 435 vil vere lite synleg frå viktige turområder, og at øvre del av vassvegen vil etablerast i tunnel. Rørtraseen mellom tunnel og kraftstasjonen skal gravast ned og vil bli naturleg revegetert, men vil etter NVE si oppfatning likevel påverke landskapsopplevinga i noko tid etter utbygging.

Etter departementet sitt syn vil dei anleggstekniske inngrepa vere moderate. Inntaket med vasspegel vil vere synlig frå den nedre delen av Bremstølområdet, men ikkje frå stien eller frå området som er tilrettelagt som turmål. Rørtraseen vil vere synlig frå Husnes og fjorden, men vil med tida gro att og ikkje skilje seg vesentleg frå dei kringliggande områda. Departementet vil vise til at eksisterande industriverksemd, kraftleidningar, massetak/deponi og inngrep i samband med eksisterande drikkevassforsyning frå Hellandselva i stor grad sett sitt preg på landskapet i området mellom Husnes sentrum og opp mot planlagd kraftstasjon.

Vassføringa i Hellandselva er frå før av påverka av regulering av Svartavatn lenger opp i vassdraget. NVE ga den 30.06.2017 Kvinnherad kommune løyve til regulering av Svartavatn med 22 m for å sikre vassforsyninga til Husnes vassverk. Frå før var reguleringa på 7 m. Svartavatn sitt nedbørfelt utgjer om lag 30 pst. av feltet til Onarheim kraftverk. Departementet legg til grunn for vurderinga av Onarheim kraftverk at vassføringa i Hellandselva i nokon grad allereie er påverka av regulering.

Vassføringsreduksjonen på utbyggingsstrekninga er etter departementet si oppfatning den vesentlegaste ulempa ved Onarheim kraftverk. Utbygginga vil ha noko ulempe for friluftslivet i området, men naturleg vassføring på utbyggingsstrekninga er etter departementet sitt syn i avgrensa grad ein føresetnad for friluftslivet knytt til Bremstølen, stiane opp til Bremstølen og dei kringliggande fjellområda.

Bilete av Hellandselva frå Husnes sentrum og fjorden som er nytta av tiltakshavar og klagarane i samband med behandlinga av saka, viser at det i varierende grad er innsyn til elva, og at dette er avhengig av ståstad. På departementet si synfaring blei det også gjort eit stopp i sentrum av Husnes, og deler av elva er eksponert herfrå. Det er 2,5 - 3 km til den delen av elva som er mest synleg, og det er departementet si oppfatning at Hellandselva

ikkje er eit dominerande eller markant landskapselement sett frå Husnes eller fjorden på dagar utan høg vassføring. Deler av elva er likevel godt synleg når det er høg vassføring.

Hellandselva vil ha periodar med høg vassføring også etter ei utbygging, men i mindre omfang. NVE har ikkje lagt vesentleg vekt på dei landskapsmessige konsekvensane av redusert vassføring på utbyggingsstrekninga. Departementet sluttar seg til NVE si vurdering.

Forholdet til naturmangfaldlova

Føresegnene i naturmangfaldlova § 7 og prinsippa i same lov §§ 8-12 blir lagt til grunn som retningslinjer for vedtak etter vassressurslova. Departementet syner i den samanheng òg til forvaltningsmåla om naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapsgrunnlaget departementet bygger si vurdering på, omfattar mellom anna følgjande:

- Søknad frå september 2017 med tilhøyrande rapport om konsekvensar for biologisk mangfald m.m.
- NVE sitt bakgrunn for vedtak av 10.01.2019 (KSK-notat 117/2017).
- Søk i aktuelle databasar, som Miljødirektoratet sin Naturbase.
- Departementet si synfaring av tiltaksområdet 24.09.2019, saman med representantar for SKL, Kvinnherad kommune, Klima- og miljødepartementet, klagarane og grunneigarane.

I tiltaksområdet er det registrert ei fossesprøytsone av lokal verdi (C-verdi), som vil få noko redusert verdi av ei utbygging. Det er ikkje registrert nokon artar på den norske raudlista som er forventa å bli nemneverdig påverka av ei utbygging av Onarheim kraftverk. Vassdraget har oppgang av anadrom fisk (sjøaure) nedanfor planlagt utbygging. Sjøauren vil ikkje bli direkte påverka av utbygginga, og NVE har føresett at det må installerast omlaupsventil i kraftstasjonen, både av omsyn til vassforsyningsinteressene og anadrom fisk.

Etter departementet si vurdering vil Onarheim kraftverk ha avgrensa og akseptable ulemper for naturmangfald.

Departementet finn at tiltaket er godt nok opplyst med utgreiingar og høyringar til at vedtak kan bli fatta. Departementet syner til at materialet er forventa å gi den kunnskapen som er naudsynt om utbreiing av naturtypar og artar og den økologiske tilstanden i området. Også verknadane av utbygginga er godt nok opplyst. Etter departementet si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald og verknadar på naturmangfald.

Prinsippet om økosystemtilnærming og samla verknad inneber at ein må ha kunnskap òg om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla verknaden. Den samla verknaden på naturmangfald, landskap og andre interesser skal vere ein del av konsesjonsvurderinga. NVE har drøfta ei utbygging av Onarheim kraftverk sett i lys av den samla verknaden av vasskraftutbygging i Kvinnherad kommune og regionen

elles. NVE er av det syn at mykje av vasskraftpotensialet i Kvinnherad kommune er bygd ut. Samstundes meiner NVE at nytta av det enkelte prosjekt likevel må vurderast opp mot ulempene, mellom anna den samla verknaden for dei enkelttema som er relevante.

Departementet finn at ei utbygging av Onarheim kraftverk vil ha akseptabel og avgrensa verknad på den samla verknaden for naturmangfald i vassdraget og i regionen.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep bli gjennomført i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden blir svekka om:

"...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet og*
- *formålet med de nye inngrepene kan ikke med rimelighet oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter."*

Etter departementet sitt syn viser vurderingar av tiltaket i lys av prinsippa i naturmangfaldlova at kraftverket har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om tiltak for å redusere dei negative verknadane. Føremålet med utbygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet. Kraftverket vil òg gi inntekter til grunneigarar og kraftutbyggar. Departementet finn at fordelane utbygginga gir ikkje kunne vore oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar som er betre for miljøet. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylte med dei avbøtande tiltaka og med dei minstevassføringane som er fastsett.

Oppsummering

Onarheim kraftverk kan i tråd med NVE sitt vedtak bidra med om lag 27 GWh fornybar energi. Tiltaket kan gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar, grunneigarar og Kvinnherad kommune. Prosjektet har positiv noverdi med dei føresetnadane som er lagt til grunn av departementet.

Departementet meiner at dei største ulempene ved Onarheim kraftverk er knytt til landskapsverknadar som følgje av redusert vassføring i Hellandselva og i nokon grad tekniske inngrep. Kraftverket vil i nokon grad auke den samla belastninga på vassdragsnatur i Kvinnherad. Departementet finn at Onarheim kraftverk med vassveg i tunnel i øvre del, fastsette vilkår om slepp av minstevassføring og god landskapstilpassing av inntak og kraftstasjon, vil ha akseptable ulemper for landskap, friluftsliv og andre interesser.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelan og nytta ved Onarheim kraftverk er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

5. Departementet sin konklusjon

Klaga frå Bergen og Hordaland Turlag, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland, Naturvernforbundet i Kvinnherad og Kvinnherad Turlag i fellesskap, samt klaga frå grunneigar Tron-Arild Frøystein blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 10.01.2019 blir halde ved lag.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd, første punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Fylkesmannen i Vestland
Kvinnherad kommune
Norges vassdrags- og energidirektorat
Sunnhordland Kraftlag AS
Vestland fylkeskommune

Adresseliste

Bergen og
Hordaland Turlag
Forum for Natur og c/o Bergen Turlag 5017 BERGEN
Friluftsliv i
Hordaland
Kvinnherad Turlag
Natuvernforbundet i
Kvinnherad
Trond-Arild
Frøystein